



Universitetet
i Stavanger

Årsrapport

2024

Utfordre det velkjente. Utforske det ukjente.



Innhold

I.	Melding frå styret	3
II.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
III.	Aktivitetar og resultat i 2024	7
3.1	Bidrag til sektormål.....	7
3.2	Utviklingsavtale 2023 - 2026.....	9
3.3	Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt	15
3.4	Rapportering på midlar tildelt over andre budsjettkapittel.....	16
IV.	Styring og kontroll i verksemda	18
	Del 1: Rapportering om styring og kontroll.....	18
	Del 2: Rapportering på andre føresetnadar og krav.....	19
V.	Vurdering av framtidsutsikter	23
VI.	Årsrekneskap 2024	26

I. Melding frå styret

Styrets arbeid

Dei viktigaste sakene for styret gjennom heile 2024 var arbeidet med omstilling, budsjettbalanse og å styrke UiS som eit framtidsretta universitet. Omstilling og innsparing har vore krevjande på alle nivå. Styret har vore særst opptatt av at studentar framleis skal ha eit godt læringsmiljø, og har difor hatt ei auka merksemd på dette gjennom året.

Trass i eit krevjande år har universitetet hatt ein stabil studiepoengproduksjon og ein høg forskingsaktivitet.

Styret gjennomførte seks ordinære og to ekstraordinære styremøte i 2024 og handsama totalt 92 saker. To av styremøta var utvida til styreseminar. Styreseminaret i februar var knytt til strategirevisjon og studieporteføljearbeid ved UiS og i september var det styrets ansvar og oppgåver som var hovudtema, med omstilling og utvikling ved UiS som tilleggstema.

Styret oppdaterte strategien, og Drivkraft 2030 blei vedtatt av styret 6. juni 2024. Dei strategiske satsingsområda til UiS er framleis grøn omstilling, energi, helse og velferd, læring for livet, eit ope universitet og eit godt arbeids- og læringsmiljø.

Viktige aktivitetar og resultat i 2024

Styret merker seg fleire gode resultat:

- Stramme økonomiske rammer i 2024 har medført at heile verksemda har tatt naudsynnte grep. Faste kostnader er reduserte og ny inntektsgenererande aktivitet er utvikla. Dette har medført at universitetet, trass i stramme rammer, kan rapportere eit mindreforbruk på 43,9 millionar kroner på den statsfinansierte delen av verksemda.
- Aktiviteten knytt til bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) har i stor grad blitt oppretthaldt. Det er registrert ei positiv utvikling i kontraktsreservar som har auka med 1,4 prosent.
- Auka studentrekruttering og auka søkartal. I 2024 hadde UiS ei auke på 13 prosent i talet på 19-åringar som søker seg til UiS, til trass for ein nasjonal nedgang.
- UiS har kome godt i gang med å omstille studieporteføljen og gjere den meir fleksibel og tverrfagleg. Hausten 2025 blir første året med ein ny og meir fleksibel modell for bachelorutdanninga. Eit godt døme på eit fleksibelt studietilbod er emnet *Innføring i kunstig intelligens* (fem studiepoeng) som er eit digitalt tilbod for studentar over heile landet som samla 1123 søkarar og tok opp meir enn 1000 studentar.
- Stor auke i talet på doktorandar (87 i 2024 mot 61 i 2023).
- For første gang fekk to UiS-forskarar European Research Council Grant (ERC) i 2024; eit ERC Starting Grant og eit ERC Advanced Grant.

Det er andre aktivitetar og resultat i 2024 som ikkje har gått fullt så godt, og som styret er særst opptatt av å forbetre.

Stor nedgang i søkarar til lærarutdanninga

UiS følger den nasjonale og internasjonale hovudtrenden med nedgang i søkinga til lærarutdanningane. Samla sett gjekk talet på søkarar til lærarutdanningane ned 11 prosent ved UiS frå 2023 til 2024, som er ein større nedgang enn den nasjonale. Samstundes viser resultatane frå Studiebarometeret at UiS ligg litt over det nasjonale snittet for alt i alt-tilfredse i lærarutdanningane. Styret er bekymra for utviklinga i søkartala og har særleg høg merksemd på rekrutteringa til dei nasjonalt prioriterte utdanningane.

Ingen studieplassar til profesjonsstudium i psykologi

Styret registrerer at regjeringa ikkje tildelte 48 studieplassar til profesjonsstudiet i psykologi i statsbudsjettet for 2025. UiS har derfor spelt inn til departementet at finansiering av studieplassar i psykologi er førsteprioritet for UiS i statsbudsjettet for 2026, med ønske om oppstart av studiet neste år. I tillegg til studieplassfinansiering er det berekna oppstartskostnader til 60 millionar kroner. Av desse fekk UiS om lag 30 millionar kroner frå eksterne givarar. Midlane frå Ulla Førre-fondet blei trekt tilbake grunna fråvær av studieplassfinansiering i statsbudsjettet.

Årsrapport 2024 – Universitetet i Stavanger

Tryggleik og beredskap

Styret har merka seg det auka behovet for at UH-institusjonane tek ansvar og spelar ei rolle for nasjonal tryggleik i eit heilskapleg arbeid med tryggleik og beredskap. Styret meiner UiS arbeider systematisk og godt med dette. Samstundes er tryggleik og beredskap eit komplekst fagfelt, og universitetet treng både kompetanse og kapasitet som det er vanskeleg å få på plass i ei tid med strammare økonomiske rammer og eit stort omstillingsbehov. Arbeidet har difor gått noko seinare enn vi ideelt skulle sett.

Prioriteringar for 2025

Styret er godt nøgd med innsatsen som er lagt ned frå både studentar og tilsette gjennom eit krevjande år med trongare tider og økonomisk omstilling. Styret vil ha stor merksemd i 2025 rundt utfordringane som er skissert i denne meldinga, men har samstundes fleire prioriteringar for 2025.

Omstilling og budsjettbalanse

Omstilling og budsjettbalanse blir hovudoverskrifta for styret sine prioriteringar i 2025, som i 2024. Styret vil følge tett med på verknadene av dei endra økonomiske rammevilkåra for UiS, og vil følge arbeidsmiljøet tett opp i tida framover. Bygg og infrastruktur utgjer viktige element i omstillingssituasjonen, og det er eit langsiktig mål å redusere arealbehovet i takt med nedskalering av økonomi. Styret vil ha stor merksemd på det vidare arbeidet med effektiv arealdisponering og arealutnytting.

Nye studietilbod ved UiS

Universitetet arbeider kontinuerleg med å utvikle, omstille og dimensjonere studieporteføljen for å tilpasse den betre til det nasjonale kompetansebehovet. I 2024 har styret mellom anna etablert to nye lærarutdanningar på masternivå som inneber at det blir etablert nye vegar inn i læraryrket, slik regjeringa si profesjonsmelding gir høve til. Med desse to nye studietilboda og fjerninga av nivåkrava i opptaket til grunnskolelærarutdanninga, har styret god von om å betre rekrutteringa til lærarutdanningane allereie i 2025. Styret vil halde oppe merksemda på lærarutdanningane og andre prioriterte profesjonsutdanningar i 2025 og støtter det pågåande omstillingsarbeidet med etablering av nye og framtidsretta studieprogram, og auka fleksibilitet i studieporteføljen.


Eit godt læringsmiljø for studentane våre

Universitetet sine resultat i Studiebarometeret er betre i 2024 enn i 2023. Det er framgang med 0,2 prosentpoeng på tre av hovudområda og 0,1 prosentpoeng på tre andre. Overordna tilfredsheit er 0,1 prosentpoeng betre i år enn førre året. Styret set pris på at UiS tar resultatata frå Studiebarometeret på alvor og følger opp med ein plan for korleis auke parameteren «alt i alt tilfreds» blant studentane ved UiS. Styret ser med optimisme på at det nye SiS studenthus opna 18. februar 2025, og har forventningar om at dette vil gi positive verknader for studentane sitt læringsmiljø.

Gode forskingsvilkår

Styret er opptatt av gode forskingsvilkår og vil at UiS skal oppretthalde statusen som eit forskningstungt universitet. I ein situasjon med sterkare konkurranse om forskingsmidlar må meir av midla hentast i internasjonal konkurranse. Styret meiner at UiS framleis har eit potensial for å auke deltaking og gjennomslagskraft om forskingsmidlar.


Anne Marit Panengstuen
styreleiar


Ketil Fred Hansen


Elisabeth Birkeland Kvalheim



Ingvil Hellstrand



Ole Tjømsland


Hege Cecilie Nygaard Barker


Hulda Mjöll
Gunnarsdóttir


Marita Kallesten Brønnick


Benjamin Hille Hagen


Shahzad Rana


Sara Bianca Beitz

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

UiS er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Styret er det øvste styringsorganet ved UiS, med ansvar for universitetet si samla verksemd. UiS sitt hovudkontor og -campus ligg på Ullandhaug i Stavanger kommune. To einingar er lokaliserte i Stavanger sentrum, og éi eining har kontor i Porsgrunn.

UiS sitt samfunnsoppdrag er å tilby høgare utdanning, utføre forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid, og formidle faglege resultat. Universitetet har særskild ansvar for å bygge opp, drive og vedlikehalde Arkeologisk museum, utvikle vitenskaplege samlingar og formidle desse gjennom publikumsutstillingar.

Universitetet skal bidra til livslang læring, stimulere til samfunnsdebatt, innovasjon og verdiskaping, og samarbeide med andre aktørar for å styrke kvalitet og relevans i verksemda. Formålet med verksemda er også å bidra til ei miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig utvikling. Samfunnsoppdraget har i fleire år vore konkretisert gjennom universitetet sitt motto: *utfordre det velkjente og utforske det ukjente*.

Visjon og verdigrunnlag


Gjeldande strategi for UiS tar utgangspunkt i ein visjon om at universitetet skal vere ei drivkraft i kunnskapsutvikling og endring. Dei tre verdiane som skal prege leiarar, tilsette og heile verksemda, er uavhengig, inkluderande og skapande.

Strategiske prioriteringar

Drift og utvikling av universitetet skal vere prega av bidrag til grøn omstilling av samfunnet. Tre fagområde er særleg prioriterte: læring for livet, helse og velferd, og energi. Gjennom å vere eit ope universitet skal UiS påverke – og bli påverka – av omverda.

Organisasjon og leiing

Kjerneverksemda ved UiS er organisert i seks fakultet og Arkeologisk museum. Administrative fellestenester er organisert i fire divisjonar som støtter kjerneverksemda sitt arbeid for ulike delar av samfunnsoppdraget. Toppleiinga ved UiS består av rektor, prorektorar for utdanning, forskning og innovasjon og samfunn, og direktør for organisasjon og infrastruktur.



Hovudtal for verksemda

Verksemda ved UiS utgjer om lag 4,6 prosent av den statlege delen av universitets- og høgskolesektoren i Noreg, målt i årsverk.

Hovudtal	2021	2022	2023	2024	Endring 23 - 24
Antal årsverk totalt	1 771	1 890	1 926	1 816	-5,7 %
Sum driftsinntekter (1000 kr)	2 213 310	2 296 409	2 463 768	2 559 654	3,9 %
Tildeling frå dep. (1000 kr)	1 821 434	1 872 001	1 970 997	2 019 027	2,4 %
Antal registrerte studentar	12 617	12 506	12 383	13 265	7,1 %

Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning (DBH)

III. Aktivitetar og resultat i 2024

3.1 Bidrag til sektormål

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Universitetet har ei merksemd mot viktige profesjonsutdanningar som samfunnet har spesielt stor trong for, men har også høg aktivitet innan disiplinstudia. Også i 2024 var aktiviteten høg og særleg helse- og sosialfaga har samla sett nådd kandidattala, medan lærarutdanningane har ein reduksjon i kandidattal. Universitetet vil dei neste åra halde oppe aktiviteten i helse- og sosialfaga og disiplinfaga, og sette i verk tiltak for å auke aktiviteten i lærarutdanningane.

Studiepoengproduksjonen i 2024 var omtrent som i 2023. Det totale antalet 60-studiepoengeiningar var noko høgare i 2024 (8484) enn i 2023 (8400). Antalet eigenfinansierte 60-studiepoengeiningar var 7 798 i 2024 mot 7 849 i 2023.

Universitetet sine resultat i Studiebarometeret er betre i 2024 enn i 2023. Universitetet er nøgd med framgangen, men kan framleis ikkje seie seg nøgd med resultatata totalt sett.

I 2024 starta universitetet arbeidet med å effektivisere og forenkle sentrale arbeidsprosessar. Universitetet sitt systematiske kvalitetsarbeid i utdanningane er ein av dei prosessane som er gått nøye igjennom for å effektivisere og tilpasse det betre til universitetet sine særpreg og verksemd i tråd med nasjonale signal om ønska forenkling.

Samarbeidet i den europeiske universitetsalliansen ECIU University heldt fram i 2024. Gjennom deltakinga i alliansen er UiS i den europeiske utdanningsfronten på fleire område, mellom anna i utviklinga av mikrokvalifikasjonar og mikroemne samt i utviklinga av utfordringsbasert læring prega av høg involvering og relevans for næringsliv og offentleg verksemd. Universitetet evaluerer deltakinga si i alliansen i løpet av våren 2025 for å legge eit grunnlag for diskusjon, om vidareføring av samarbeidet.

Gjennomstrøymingstalet for doktorgradsutdanninga, målt som andelen ph.d.-kandidatar som fullførte doktorgradsutdanninga innan seks år, gjekk ned frå 2023. Universitetet er ikkje nøgd med dette og vil fortsette å arbeide for å auke gjennomstrøyminga. Likevel har talet på disputasar auka frå 61 i 2023 til heile 87 i 2024. For å styrke gjennomføringa har UiS samordna sine interne ressursar innan kursverksemd for ph.d.-kandidatar. Gjennom *PhD Complete* tilbyr UiS ei rekke idéverkstadar som skal støtte kandidatane gjennom heile doktorgradsløpet.

I løpet av 2024 fekk UiS-forskarar for første gong to ERC-tildelingar, eit ERC Starting Grant og eit ERC Advanced Grant. Dette er særst prestisjefulle tildelingar som berre blir gitt til forskarprosjekt med særst høg kvalitet. Universitetet ser dette som eit resultat av eit langsiktig og systematisk arbeid.

Tala på publikasjonar for 2024 er førebelse, men det ser ut til at forskingsproduksjon er like høg som i 2023.

Sjå rapporteringa under utviklingsavtalen for nærare omtale av måloppnåing for høg kvalitet i utdanning og forskning.

Sektormål 2: Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

Bidragsinntekter frå Forskingsrådet og andre bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) knytt til antal vitenskaplege årsverk, blir nytta som indikator for universitetet sitt bidrag til dette sektormålet. I 2024 var bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk 147,57 (tal i 1000 kroner) og andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk 185,43 (tal i 1000 kroner). Dette er ei auke samanlikna med 2023 og UiS er nøgd med denne utviklinga.

Universitetet bidrar til sektormål 2 gjennom si utdanning, forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid og formidling, som skapar og fremmer kunnskap om samfunn, utvikling og omstilling. Strategien Drivkraft 2030 beskriv universitetet sitt ansvar for berekraftig og grøn omstilling.

Sjå rapporteringa under utviklingsavtalen for nærare omtale av måloppnåing for berekraft, velferd og innovasjon.

Sektormål 3: God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Etter å ha starta opp ei ny distriktsvenleg sjukepleiarutdanning i 2024, har universitetet no to slike utdanningar, ei i Ryfylke og ei i Dalane. Prosjekta har vore dei mest omfattande tiltaka ved UiS for utvikling av fleksible utdanningstilbod, som både skal gi tilbod til nye målgrupper og sikre utdanning av sjukepleiarar i distrikta. Det første kullet med studentar frå Ryfylke fullfører våren 2025. Det har vore eit vellukka samarbeid med Ryfylke og Dalane, og studentane har så langt gitt svært gode tilbakemeldingar på den pedagogiske tilnærminga, og det faglege og sosiale miljøet. Tilbakemeldingane frå SUS og dei andre praksisplassane har også vore gode. Det arbeidast nå med ei permanent ordning med opptak til kvar av desse «campusane» kvart fjerde år, med alternerande oppstart kvart andre år.

For å legge til rette for betre rekruttering til læraryrket, gjorde universitetet etableringsvedtak for både profesjonsretta master med integrert praktisk-pedagogisk utdanning og erfaringsbasert master i fagdidaktikk for grunnskolen i 2024. Begge programma startar opp hausten 2025 og universitetet forventar høgare aktivitet i lærarutdanningane frå neste studieår. Også årsstudiet i læring og psykologi er etablert for å betre rekrutteringa til lærarutdanningane. Studiet er ei innføring til grunnskolelærarutdanninga.

Forskninga på universitetet er gjort meir synleg og tilgjengeleg på internettssidene. Det har blitt enklare for bedrifter, eksterne aktørar og samarbeidspartnarar å finne informasjon om forskning ved UiS. I tillegg har ein tatt i bruk søkemotoren "[Finn berekraftsforskning](#)".

I haust lanserte universitetet eit TV-tilbod (Viten-TV), ein gratis strøymeteneste, med tema innanfor naturvitenskap, teknologi, samfunn, miljø, helse og kultur. Tenesta er utvikla i eit samarbeid mellom UiS, UiB, UiT, og HVL.

UiS heldt fram med satsinga på karriereutvikling for forskarar i tidleg karriere. I 2024 starta det tredje kullet med forskarar på dette programmet som har merksemd på karriereplanlegging og auka forståing av internasjonal toppforskning.

UiS har implementert ein fullstendig kompetanseprofil for rekruttering og opprykk til vitenskaplege stillingar. Arbeidet blir knytt til tilsvarande prosessar i Europa gjennom avtalane ARRAVS/COARA. UiS har vore med å opprette eit nordisk nettverk for erfaringsdeling når det gjeld karriereutvikling for forskarar.

Sjå rapporteringa under utviklingsavtalen for nærare omtale av måloppnåing for god tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet.

3.2 Utviklingsavtale 2023 - 2026

Utviklingsmål 1 – Grøn omstilling pregar utvikling av kjerneverksemda ved UiS

Styringsparameter 1: Prioritere forskingsområde som bidrar til grøn omstilling

Universitetet har fleire sterke fagmiljø som arbeider med berekraft og fornybare løysingar. I fjor delte UiS ut såkornfinansiering for å auke satsinga på forskning og nye interne og eksterne samarbeid innan grøn omstilling. UiS samarbeider også tett med private og offentlege aktørar om midlar til forskning innan grøn omstilling og har sikra seg støtte til eigne utdannings- og forskingsprosjekt knytt til grøn omstilling.

For å styrke satsinga på grøn omstilling blei det delt ut såkornmidlar til vitskapleg tilsette. Målet med såkornfinansieringa er å fremme tverrfagleg forskning og etablere nye samarbeid på tvers av institutt og fakultet. UiS ser allereie dei positive ringverknadene av såkornmidla, mellom anna auka ekstern finansiering. Universitetet forventar at såkornmidlane vil bidra til auka interesse og engasjement for prosjekt innan grøn omstilling.

UiS har etablert eit tverrfagleg ph.d.-nettverk innan grøn omstilling som fungerer som eit forum for nettverksbygging, idéutveksling og samarbeid på tvers av disiplinær.

Styringsparameter 2: Tildelingar frå målretta samfunnsoppdrag i Horisont Europa

UiS fekk nær 73 millionar kroner i samla tildelingar frå Horisont Europa (HE) i 2024, ein auke på om lag 70 prosent frå 2023. Etter eit langsiktig arbeid over fleire år, saman med regionale aktørar, er UiS no godt posisjonert for å skaffa fleire midlar innan HE. I klimakontrakten som blei signert av UiS i 2024, forplikta universitetet seg til å arbeide saman med blant andre Stavanger kommune for å nå målet om klimanøytralitet. Det er fleire prosjekt tilknytt klimanøytrale og smarte byar som har blitt finansierte i 2024.

UiS deltar i eit nettverk for næring og berekraft kor ein arbeider med ei brei involvering av næringslivsaktørar i regionen. Universitetet samla også landbruksaktørar i Rogaland til eit felles arbeid som resulterte i at UiS blei koordinator for ein søknad om å bli ein av 100 Living Labs innan samfunnsoppdraget jordhelse. Arbeidet med søknaden har ført til at UiS har fått ein sterkare posisjon innan landbruks- og matfylket Rogaland.

Styringsparameter 3: Studentaktiv og innovativ læring med klare bidrag til berekraftsmåla

UiS har medlemskap i European Consortium of Innovative Universities (ECIU), og vidareutviklar universitetsalliansen ECIU University saman med 11 andre europeiske universitetspartnarar. Alliansen driv eit utdanningstilbod basert på verkelege utfordringar frå samarbeidspartnarar i arbeidslivet, og tilbyr korte studium med fokus på dugleik og kompetanseutvikling for arbeidsmarknaden i framtida.

UiS har i 2024 hatt sju eigne, tverrfaglege tilbod for studentar, som kan integrerast i studieprogram på institusjonen. For å styrke kunnskapane og ferdigheitene som er naudsynte for å inkorporere utfordringsbasert læring (CBL) i undervisningsverksemda, har universitetet si UNIPED-eining utvikla ein idéverkstad for vitskapleg tilsette. Vitskapleg tilsette lærer korleis dei kan integrere CBL, det grøne skiftet og berekraft i studieplanar og undervisning.

Lyspæren innovasjonshus bidrar til å styrke entreprenørskapskulturen ved UiS og gje studentar kunnskap om innovasjonsprosessar og entreprenørskap. Ulike aktivitetar har som mål å mobilisere potensielle søkarar til STUD-ENT-finansieringa i Innovasjon Norge. Nokre av aktivitetane kan også gjennomførast som del av ordinære emne som undervisast ved UiS. Fleire av aktivitetane har også ein klar kopling til berekraftsmåla, som å løyse utfordringar innan helseteknologi for å betre helse og livskvalitet. Meir enn 800 studentar har tatt del i over 20 arrangement og aktivitetar i 2024. Dette er ei betydeleg auke i engasjement og deltaking frå studentane frå 2023. Gjennom Lyspæren innovasjonshus får studentane tilgang til lokale og nasjonale nettverk av investorar og mentorer.

Årsrapport 2024 – Universitetet i Stavanger

I 2024 har omlag 190 studentar tatt aktivt del i UiS InGenious-programmet sine aktivitetar og fått praktisk erfaring i samarbeid med næringslivet. Ein viktig del av InGenious-programmet er bransjeengasjement, der studentane får lære om berekraft og innovasjon innan akvakultur, jordbruk og meieriproduksjon.

Det tverrfaglege bacheloremnet i berekraft som starta opp i 2023 og som kan søkast av studentar frå alle studieprogram var svært populært også i 2024. 110 studentar følgde emnet, om lag ei dobling frå 2023. Trass i at dette emnet er populært, er universitetet bekymra over at det synest å være ei fallande interesse for berekraft og grøn omstilling blant studentane.

UiS arbeidde i 2024 med ein Erasmus Mundus fellesmaster i grøn energirett saman med Université Toulouse Capitole og Universitat Autònoma de Barcelona. UiS arbeider også med eit masterstudium i berekraftig økonomisk omstilling. Desse tilboda er retta inn mot studentar som søker internasjonalt studentmiljø og mot dei som vil studere berekraftig økonomi i omstilling, sjølv om dei ikkje har økonomi som basisfag.

Utviklingsmål 2 – Være eit opent universitet med fleksible og ettertrakta utdanningar

Styringsparameter 4: Meir fleksible og utfordringsbaserte utdanningar

Etter bestilling frå styret har universitetet gjort ein gjennomgang av profilen på heile studieporteføljen i løpet av 2024. Alle fakulteta har vurdert nedlegging av studieprogram, samanslåing av små og sårbare program og i kva grad ein kan legge til rette for større fleksibilitet for studentane. For å auke tilgjenge og rekruttering til studia, dedikerte styret i 2024 12 millionar kroner til strategisk utvikling av fleksible og nettbaserte utdanningstilbod.

UiS har utarbeidd ein ny modell for bachelorutdanninga som skal gjelde frå hausten 2025. Modellen gir studentane betre moglegheit til å bruke årsstudium eller andre korte einingar frå andre studieprogram inn i graden sin. For å betre fleksibiliteten for studentane, etablerer universitetet difor fleire årsstudium og kortare einingar som baserer seg på emne som universitetet allereie har i emneporteføljen. Årsstudia som allereie er i drift har for det meste høge og stabile søkar- og opptakstal, og er ein viktig rekrutteringsveg inn til bachelorprogramma. Universitetet forventar at tilbod om fleire årsstudium skal betre rekrutteringa til gradsstudia.

I satsinga på fleksible og nettbaserte utdanningstilbod inngår også nye tilbod i universitetet si opne kursteneste, både for betaling og gratis. Dette er tilbod basert på EVU-kurs som ikkje lenger viser seg rekningssvarande å drive i ordinær form. For å utvikle utdanningskvaliteten ytterlegare og støtte opp om Drivkraft 2030 har UNIPED-eininga også utvikla ein idéverkstad i *Constructive Alignment*, som rettar merksemd mot prinsippa for konstruktiv tilpassing og effektiv emne- og programdesign.

Styringsparameter 5: Attraktive utdanningar

Søkartala viste ei auke i både samordna og lokalt opptak i 2024. UiS hadde 6 287 førstevalsøkarar i Samordna opptak, som er ein oppgang frå 2023 på 8,2 prosent eller 475 førstevalsøkarar. For heile UH-sektoren var auken på 4,7 prosent, og for alle universiteta samla 3,2 prosent. Antal førstevalsøkarar er ein god indikasjon på den einskilde utdanninga sin popularitet og om det vil bli utfordrande å fylle studieplassane.

Marknadsandelen har auka med 0,14 prosentpoeng, til ein marknadsandel på 4,4 prosent av studieplassane i Noreg. Marknadsføringa av studia og studentmiljøet har hatt positiv innverknad på søkartala. Universitetet prioriterer marknadsføring høgt, og møtte i 2024 meir enn 62 000 elevar på skolebesøk, utdanningsmesser og årleg open dag på campus. UiS har nytta annonsering i sosiale medium og har hatt 56 millionar visningar i marknadsføringa, ei auke på 16 prosent frå 2023. Annonseringa har generert nesten 348 000 klikk til nettsidene til UiS.

I grunnutdanningane og vidareutdanningane samla, tok universitetet opp 6,6 prosent fleire studentar i 2024 enn i 2023, medan opptaket via Samordna opptak åleine låg 3 prosent høgare enn i 2023.

Årsrapport 2024 – Universitetet i Stavanger

Sjølvs om totaltala for rekruttering og opptak var i positiv utvikling i 2024, er det ei utfordring at auke i søkartala oftast kjem i program som allereie er godt søkte, medan program med låge søkartal stadig har dårlegare søkartal over tid. UiS vil arbeide kontinuerleg med tiltak for å betre rekruttering og opptak til studieprogramma.

Universitetet si etter- og vidareutdanningseining (EVU) hadde nok eit godt år i 2024. Med ein omsetnad på 44 millionar kroner, same som i 2023, har dei to siste åra vore dei beste nokon gong når det gjeld eksterne inntekter. Talet på studentar i desse utdanningane var 1937 i 2024, om lag det same som i 2023. Eininga har flytta inn i SiS Studenthus, i nye lokale som er særskilt tilpassa tenesteyting for universitetet si etter- og vidareutdanningsverksemd.

Styringsparameter 6: Fleire studieprogram med tilbod om praksis i arbeidslivet

UiS arbeider for at studentane skal kome i inngripen med arbeidslivet i løpet av studia. Dette skjer både ved tett samarbeid mellom universitetet og ulike arbeidslivaktørar, og ved at studentane deltar i ulike bransjeorienterte aktivitetar. Det viktigaste er likevel at studentane kan ha praksis som del av utdanninga. I profesjonsfaga er det lang erfaring med, og gode ordningar for, samarbeid med arbeidslivet om praksisutdanning, men det er også ein aukande bruk av praksis i disiplinifaga.

I 2024 hadde 58 studieprogram ved universitetet eitt eller fleire praksisemne, ei auke på åtte program frå 2023. Det totale antalet praksisemne ved UiS er 106 i studieåret 2024/2025. Praksis er best innarbeida i lærarutdanningane og i helse- og sosialfaga, og desse studia har flest praksisemne. Dei siste åra er det også lagt betre til rette for praksis i studia innan ingeniør- og teknologifag, økonomifag, rettsvitenskap, samfunnsvitenskaplege fag og humaniora.

Utviklingsmål 3 – Sterk posisjon på energifeltet

Styringsparameter 7: Omstilling av energiforskning og -utdanningar

UiS har ein ambisjon om å ha ein leiande posisjon innan forskning, utdanning og innovasjon på energifeltet. UiS har arbeidd for ei betre koordinering av vår deltaking i European Energy Research Alliance (EERA), og er nå fullt medlem. UiS har vidare eit godt samarbeid med regionen om hydrogen, og posisjonerer seg no for ein Hydrogen Valley-søknad (Clean Hydrogen partnership), i samarbeid med EU-nettverket Horisont Rogaland.

UiS held fram med å prioritere forskinga på fornybar energi, spesielt karbonfangst og lagring, effektive energisystem, hydrogen, batteriteknologi, olje, gass og energiøkonomi. Fleire tiltak som blei sett i gong i tidlegare år byrjar å visa positive resultat. Energisentralen på campus Ullandhaug stod ferdig, og blei tatt i bruk i 2024. Den produserer store delar av dagens behov for varme og kjøling, og er rigga for framtidige bygg. Energisentralen er også eit sanntidslaboratorium i geotermisk energiteknologi som skal gje verdifull kunnskap om korleis samfunnet kan utnytte geotermisk fornybar energi på ein mest mogleg optimal måte.

I 2024 akkrediterte universitetet eit årsstudium i havvind som skal starte opp i 2025, i samarbeid med industripartnarar som treng arbeidskraft innan havvind. Studiet bygger på eksisterande emne frå fleire studieprogram. Målet er å tilby eit fleksibelt og tverrfagleg studium som tiltrekker søkarar frå ulike fagområde, som ingeniørfag, økonomi og rettsvitenskap. Universitetet arbeider også med planer om å etablere eit bachelorprogram i havvind.

Bachelorprogrammet i energi- og petroleumsteknologi har hatt ei stor auke i antal førstevalsøkarar dei siste åra. Tala frå 2024 viser ei 33 prosent auke i søknadar frå 2023, eit av dei mest søkte studia ved UiS. Frå 2024 har universitetet, etter ønske frå næringslivet, starta eit y-vegopptak som inneber ei ytterlegare auke i antal studieplassar innan energi- og petroleumsteknologi. Det er framleis stor etterspurnad etter kompetansen som denne utdanninga gir og universitetet tok opp meir enn 100 studentar til det ordinære programmet og y-vegen i 2024.

Studenttalet i energiutdanningane er stabilt, frå 389 i 2023 til 381 i 2024. Samla sett er talet framleis for lågt. Til dømes har bachelorprogrammet i batteriteknologi trass i fleire marknadsføringstiltak, rekruttert mykje dårlegare enn signala frå industrien ga grunn til å tru.

Styringsparameter 8: Auka tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan innovasjon, forskning og utdanning på energiområdet

Ekstern finansiering av forskning, innovasjon og utdanning innan energi har auka i 2024 samanlikna med året før.


Energi	2022	2023	2024	Endr.23-24
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning (mill. kr.)	110,82	23,33	83,55	258 %

Midlane til forskning og innovasjon er tildelt prosjekt innan batteriteknologi, offshorevind, konstruksjonsmateriale, materialfysikk, karbonfangst. UiS samarbeider med offentlege, private og internasjonale institusjonar, både som partner og som koordinator. Sjølv om det er ei positiv utvikling av forskingsfinansieringa i 2024 samanlikna med 2023, må UiS arbeide målretta for å kome nærare målet om å bli ei drivkraft og ha ein leiande posisjon på energifeltet. UiS må auke deltakinga i store finansieringsprogram, særleg Pillar II i HE.

Universitetet ser ei auka interesse blant vitenskapleg tilsette for å søke om støtte til utdanningsprosjekt på internasjonale konkurransearenaer. Dette er mellom anna eit resultat av eit meir systematisk arbeid med informasjon og skrivestøtte dei siste åra. Universitetet er nøgd med antalet nye utdanningsprosjekt i 2024. Det blei tildelt over 14 millionar i støtte frå eksterne konkurransearenaer til fem nye utdanningsprosjekt på området energi i 2024. Prosjekta inkluderer partnerar frå institusjonar i Italia, Latvia, Polen, Slovenia, Tyskland, Egypt, Palestina, Tunisia, Bolivia, Brasil og Sør-Afrika.

Styringsparameter 9: Styrke publisering knytt til berekraftige energiløysingar

Eit emnesøk i Scopus på overordna tema innan energi, energiproduksjon og berekraftige energiløysingar viser at UiS har publisert i underkant av 300 artklar. Førebelse tal for 2024 ser noko lågare ut enn tidlegare år. Det er forventa at talet vil auke dei kommande månadane. Tala viser at UiS framleis gjennomfører forskning på eit høgt nivå og kan måle seg med leiande internasjonale forskingsmiljø innan energi. Det er også verdt å framheve at fleire forskarar frå UiS innan energiområdet er inkluderte på Stanford si liste over dei to prosent mest framifrå forskarane i verda baserte på talet på publikasjonar og siteringar. Tala for 2024 er ikkje endelege (datakjelde: Scopus).



Mål 4 – Brei og innovativ satsing på kunnskap for framtidens helse- og velferdssamfunn

Styringsparameter 10: Auka tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning innanfor tema helse og velferd

Samla sett har UiS fått tildelt noko mindre midlar samanlikna med 2023, som vist i tabellen nedanfor. Hovudårsaka til dette er ei nedgang i EU-deltaking, kombinert med at vi har fått fleire, men mindre prosjekt. Ein reduksjon i EU-tildelingar i 2024 var ikkje uventa, då UiS fekk eit forskingsprosjekt i 2023 som har bunde opp mange ressursar. Det er elles ei positiv utvikling i talet på tildelingar frå dei fleste andre konkurransearenaer for forskning og innovasjon. Det målretta arbeidet med tverrsektorielt samarbeid og forskning av høg kvalitet gir resultat, og styrker breidda og omfanget av forskingsaktiviteten innan helse og velferd.

Helse og velferd	2022	2023	2024	Endr. 23-24
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning (mill. kr)	47,15	37,87	23,44	- 38 %

I 2024 har UiS intensivert det målretta arbeidet med å auke både søknadsaktiviteten og kvaliteten på søknadane, med mål om å få fleire tildelingar frå eksterne konkurransearenaer. Helsecampus Stavanger har spelt ei nøkkelrolle som ein arena for tverrfagleg samarbeid og forskingsbasert innovasjon, og har lagt til rette for samarbeid på tvers av fagområde og sektorar. I løpet av 2024 har UiS sendt inn totalt 28 søknadar til regionale, nasjonale og internasjonale konkurransearenaer innan dette fagområdet, både som koordinator og partner. Desse søknadane har involvert omfattande samarbeid med aktørar frå forskingsmiljø, næringslivet, kommunale og spesialiserte helsetenester og interesseorganisasjonar.

UiS si forskning innan helse og velferd er tverrfagleg og spenner frå banebrytande grunnforskning til kommersialisering av offentleg finansiert forskning. Mellom anna har Impact-IHNA-prosjektet fått 16 millionar kroner frå Forskningsrådet til eit fireårig prosjekt som skal utvikla eit verktøy for tverrfagleg kartlegging av helse- og omsorgsbehov hos heimebuande eldre i Stavanger og Sandnes. Eit anna prosjekt, MICROTARGET, har fått 12,5 millionar kroner frå Forskningsrådet for å utvikle ei ny målretta behandling mot brystkreft med færre biverknadar. Begge desse store prosjekta har oppstart i 2025, og er difor ikkje inkludert i tabellen ovanfor.

Helsecampus har fått støtte frå UH-nett Vest for å styrke det regionale samarbeidet med andre aktørar frå Vestlandet innan simulering, tryggleik og samhandling.

UiS legg stor vekt på at forskning på helse og velferd skal bidra til økonomisk verdi gjennom immaterielle rettar og nyetableringar. I samarbeid med innovasjonsselskapet Validé er det sett i verk prosessar for å auke medvitet blant forskarar om moglegheitene for kommersialiseringsmidlar som ein strategisk del av arbeidet med ekstern finansiering. UiS har fått kvalifiseringsmidlar til tre ulike prosjekt frå Forskningsrådet, totalt 1,5 millionar kroner. Desse prosjekta fokuserer på innovativ diagnostikk og teknologi, inkludert identifisering av arytmiisk risiko, bakterieindusert halthheit hos grisar og utvikling av smarte omsorgsløysingar for tryggare og meir sjølvstendige liv.

Det blei tildelt over 13,5 millionar kroner i støtte frå eksterne konkurransearenaer til åtte nye utdanningsprosjekt på området helse og velferd i 2024. Prosjekta inkluderer partnerar frå institusjonar i Frankrike, Litauen, Bosnia, Bulgaria, Danmark, Finland, USA, Sør Korea, India, Indonesia og Madagaskar.

Styringsparameter 11: Styrke publisering knytt til helse og velferd

Publiseringa innanfor fagområdet helse og velferd ved UiS har hatt ein tydeleg oppgang dei siste åra. Talet på publikasjonar ifølge emnesøk på Scopus indikerer ei auke frå 236 i 2021 til 269 i 2022 og vidare til 296 i 2023. Denne veksten held fram i 2024 med 300 publikasjonar. Trenden viser ei jamn auke i forskingsaktiviteten, noko som reflekterer eit sterkt fagmiljø og aukande vitskapleg produksjon innan helse og velferd. Dette stadfestar universitetet si satsing på forskning med relevans for samfunnsutvikling og helsetenester. Tala for 2024 er ikkje endelege (datakjelde: Scopus).



Styringsparameter 12: Framifrå utdanningar innan helse og velferd

Universitetet i Stavanger har fleire godt søkte og anerkjente utdanningar innan helse og velferd. Profesjonsutdanningane innan helse- og sosialfag har lang tradisjon for tett samarbeid med institusjonar og verksemder i helse og velferd.

Samarbeid om utdanning innan helse og velferd er styrka gjennom Felles strategisk utdanningsråd for sjukepleiarutdanninga, eit samarbeid mellom UiS og Helse Stavanger (FUR, 2021). I 2024 blei det også etablert eit tilsvarande samarbeidsorgan med kommunane i Sør-Rogaland (KUR) for å styrke samarbeid og praksisnær utdanning, spesielt innan sjukepleie. Universitetet deltar i Regionalt samarbeidsutval for utdanning saman med Helse Vest og representantar frå arbeidslivet for å tilpasse utdanningane til arbeidsmarknadens behov. Universitetet nyttar i stor mon forelesarar frå praksisfeltet for å bygge bru mellom teori og praksis, mellom anna gjennom bruk av delte stillingar.

Det arbeidast kontinuerleg med å betre kvaliteten i bachelorprogrammet i sjukepleie, og arbeidet involverer studentar, tilsette og samarbeidspartnarar. Til dømes er første år på studiet blitt endra hausten 2024 for at det skal få ein tydelegare struktur. Auka merksemd på bruken av studentaktive arbeidsmetodar i undervisinga har ført til at slike metodar har blitt betre innarbeida i emneskildringane på studieprogrammet.

Praksisdelen av studia er under stadig utvikling i dialog med samarbeidspartnarar som Stavanger universitetssjukehus (SUS) og kommunane. Dette samarbeidet er viktig av fleire grunnar, blant anna for å handtere manglande praksisplassar innan det kirurgiske feltet, og for å forberede innflytting i nytt sjukehus. Flyttinga vil ha innverknad på organiseringa av praksis.

I løpet av 2024 har universitetet lagt til rette for å gjennomføre ein pilot med digital vurdering av praksis. På masterprogramma blir studentprosjekt ofte knytt til aktuelle tema frå praksisfeltet og arbeidslivet, og det er eit tett samarbeid med aktørar som Stiftelsen Norsk Luftambulans, SUS og kommunane for å sikre relevans og fagleg oppdatering.

Sjå også den særskilte rapporteringa om sjukepleiarutdanninga under.

Mål 5 – Være banebrytande på utdanningsfeltet

Styringsparameter 13: Utvikle nasjonale og internasjonale partnerskap

Alle gradsprogramma ved UiS skal ha eit mobilitetsvindaug integrert i studieløpet. UiS har samarbeidsavtalar innan studentutveksling med ei rekke partnerinstitusjonar i og utanfor Europa. Etter pandemien har det vore ei jamn auke i talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar, og i talet på utvekslingsavtalar. I tillegg til ordinær semesterutveksling for studiar, blir det i aukande grad tilbode praksisopphald i utlandet og moglegheiter for kortare opphald ved utanlandske partnerinstitusjonar.

ECIU University er leiande i Europa på fleire område som utfordringsbasert læring, mikrokurs og digitale minikvalifikasjonar, og er jamleg invitert til dialog med EU-kommisjonen om utdanning, kompetanse og arbeidsmarknad. UiS bruker også ECIU-plattformen til å fremme tverrfaglege samarbeid om forskning og innovasjon, og har stor nytte av nettverket i samband med ekstern finansiering. Ulike fagmiljø ved UiS deltar også i ei rekke fagspesifikke nettverk. Døme på dette er NORDTEK, eit nettverk av 28 universitet i Norden og Baltikum som tilbyr tekniske utdanningar, UArctic/North2North, CONRIS, eit europeisk nettverk innan samfunnstryggleik, ECIU-lærarutdanningsnettverk og Comenius Association.

Kompetanseforum Rogaland er eit partnerskapssamarbeid som skal forme og iverksette regional kompetansepolitikk og sikre at kompetansebehova i fylket blir adressert på ein effektiv måte. Forumet har representantar frå dei høgare utdanningsinstitusjonane og fagskolen i Rogaland og andre nøkkelorganisasjonar i regionen som NAV, LO, NHO, KS, Helse Vest, Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren. Universitetet har lukkast godt i arbeidet med å utvikle og bruke partnerskap og nettverk til å fremme eiga strategi og verksemd.

Styringsparameter 14: Auka tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning innanfor tema læring for livet

UiS har i 2024 fått fleire forskingsmidlar innan temaet læring for livet. Prosjekta er mangfaldige og omfattar ulike tema, målsettingar og tilnærmingar.


Læring for livet	2022	2023	2024	Endr. 23–24
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning (mill.kr.)	83,27	48,68	78,64	62 %

UiS har tre nasjonale senter som driv forskning innan området læring for livet: Lesesenteret, Læringsmiljøsenderet og Kunnskapssenter for utdanning. Søknadsaktiviteten mot eksterne finansieringskjelder har vore høg, og UiS-forskarar har fått tildelt både nasjonale og europeiske prosjekt i løpet av 2024. Fleire av desse prosjekta har ein klar praktisk bruk innan utdanningsfeltet. I 2024 har fleire av tildelingane frå Forskningsrådet og EU gått til grunnforskning. Sjølv om slike prosjekt ikkje alltid har ein direkte praktisk bruk innan utdanningsfeltet, bidrar dei til å utvikle ny kunnskap og teori som kan endre forståinga vår av læring, undervisning og utdanningssystem.

Aktiviteten med å utvikle nye eksternfinansierte utdanningsprosjekt var særleg høg innan området læring for livet i 2024. Det blei tildelt nær 23 millionar i støtte frå eksterne konkurransearenaer til ni nye utdanningsprosjekt på dette området. Prosjekta inkluderer partnerar frå institusjonar i Spania, Italia, Litauen, Sverige, Island, Danmark, Finland, Colombia, Palestina, Australia, Malawi og Sør Afrika.

Styringsparameter 15: Styrke publisering om barn og unges læring og læringsmiljø

Det er høg forskingsproduksjon innan utdanningsforskning, noko som visast igjen i talet publikasjonar. Førebelse data frå Cristin database viser igjen aukande trend i forskningsaktiviteten.



3.3 Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Oppfølging av samfunns- og effektmål for Energisentralen på UiS

Samfunns mål

Statsbygg og UiS har ein felles ambisjon om at bygg og anlegg skal ha ein klar miljøprofil. Ambisjonen inkluderer at universitetsområdet skal arbeide mot å redusere energibehovet og bli sjølvforsynt med energi deler av året.

Effektmål

I utbygginga skal minst 90 prosent av eksisterande bygningsmasse på hovudcampus få energi frå den nye energiløysinga. Det er ivaretatt at energiløysinga som er installert kan utvidast til også å dekke nye utbyggingar.

Målsetting og resultatindikatorar/måloppnåing

Redusert klimagassutslepp:

- **Målsetting:** Redusere klimagassutslepp med minst 75 prosent.
- **Resultatindikator:** Tett oppfølging med Statsbygg for å nå målet om minst 75 prosent lågare klimagassutslepp.

Årsrapport 2024 – Universitetet i Stavanger

Lågare årlege energikostnadar:

- *Målsetting:* Berekna sparing på 5 GWh/år.
- *Resultatindikator:* Tett oppfølging med Statsbygg for å sikre de berekna sparing.

Tilfredsstillande komforttemperatur for tilsette og studentar:

- *Målsetting:* Oppfylle arbeidsmiljølovens krav til inneklima.
- *Resultatindikator:* Kontinuerleg overvaking og justering for å sikre tilfredsstillande komforttemperatur.

Auka trivsel blant studentar og tilsette:

- *Målsetting:* Forbetre trivsel gjennom betre inneklima og energiløysingar.
- *Resultatindikator:* Regelmessige undersøkingar og tilbakemeldingar frå studentar og tilsette.

Resterande del av eksisterande bygningsmasse over på energi frå ny energiløysing (ca. 10 %):

- *Målsetting:* Fullføre overgangen for dei resterande areala.
- *Resultatindikator:* Tett samarbeid med Statsbygg for å sikre at oppvarming på El-omnar blir fasa ut.

Oppfølging av samfunns- og effektmål for SiS Studenthus

Samfunns mål

SiS har som visjon «Studentens beste». Auka utfordringar med psykisk helse og einsemd blant studentar har forsterka behovet for fleire sosiale arenaer. Samarbeidet med UiS resulterte i SiS studenthus, som samlar fleire tilbod under eit tak. Bygget har ein klar miljøprofil og inkluderer eksterne leietakarar som tannhelse og bokhandel.

Effektmål

Bygget har berekraftige løysingar klimamessig, sosialt og økonomisk for studentane på UiS.

Målsetting

- *Redusert klimagassutslepp:* Fleire kortreiste tilbod og teneste, redusert transportbehov, innandørs sykkelparkering med garderobar.
- *Energisparande tiltak:* Tilknytning til energisentral, klargjort for solcelleanlegg, lågkarbonbetong, SD-anlegg, energimålarar og solskjerming.
- *Klima og miljø:* Bygd på tidlegare bilparkering, grønne og blå tak for å hindre overvann.
- *Auka trivsel:* Fleire kvalitetsareal til studentorganisasjonar og aktivitetar, sosial møtestad for alle studentar i regionen.

3.4 Rapportering på midlar tildelt over andre budsjettkapittel

Midlar til Kunnskapssenter for utdanning (KSU) (Kap. 201, post 21)

Kunnskapssenter for utdanning sender eigen årsrapport til KD.

Midlar til styrking av leseopplæring i skulen – tid for lesing (Kap. 226, post 21)

I desember 2023 fekk UiS ved Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Lesesenteret) tildelt 10 millionar kroner frå KD for å sette i gang den nasjonale lesesatsinga. I 2024 fekk UiS 17,5 millionar kroner til same satsing, *Tid for lesing*. Arbeidet i satsinga er i hovudsak strukturert ut frå tre område: lesing i fag, leseinteresse og elevar som strevar med lesing. Omgrepa tid, lesekondis og engasjement er profilerte som hovudbodskap i satsinga.

Forankring

Det faglege innhaldet i dei ulike ressursane er forankra i forskning og gjennom innspelsmøte med lærarar, skuleeigarar og skuleleiarar frå heile landet og relevante organisasjonar i sektoren.

Det blei arrangert frukostmøte for skuleeigarar og skuleleiarar i heile landet for å informere om satsinga og oppmode til å nytte tiltaka.

Digitale ressursar

Årsrapport 2024 – Universitetet i Stavanger

Det er utvikla og publisert webinar-rekker som tar for seg ulike faglege tema om lesing, og som legg opp til utprøvingar i klasserommet og utviklingsarbeid på skulane. Webinarane er publiserte annakvar veke gjennom hausten 2024. Det er også utvikla tiltak for støtte til dei tilsette i SFO, mellom anna månadlege forslag til lese- og skriveaktivitetar og tips til bøker. Det er trykt og sendt ut materiell til alle SFO-ar i landet. Nettsida viser over 5000 unike brukarar i 2024.

Inspirasjonsfilmar

I samband med lesesatsinga har vi utvikla inspirasjonsfilmar for å styrke samarbeidet mellom heim og skule, motivere til lesing i familiar og stimulere til ein betre lesekultur i heile samfunnet. Filmane er teksta og planlagd dubba til fleire språk.

Undervisningsmaterieil

Lesesenteret har nytta delar av tildelingane til å trykke opp og distribuere lesekurset *Engasjer* gratis til alle barneskular i landet. Lesekurset er utvikla av forskarar ved senteret i samarbeid med lærarar, og legg vekt på eksplisitt undervisning i leseflyt og lesestrategiar for elevar på mellomtrinnet som strever med lesing. Det er dessutan utvikla eit lesetreningsprogram (FILBY) for å øve på leseflyt for elevar på 2. og 3. trinn.

Utdanning

Mikroemne inngår også i satsinga. Studieåret 24/25 har 185 studentar deltatt på mikroemna *Veileda lesing og Lesekvarten* (begge på 2,5 studiepoeng).

Midlar til kunnskapsoppsummering av forskning om karriererettleiing (Kap. 201, post 21)

I oktober 2024 fekk UiS tildelt 1 million kroner frå KD til kunnskapsoppsummering av forskning om karriererettleiing. Planlegginga starta i 2024, men ein la ikkje opp til aktivitetar som genererte bruk av midlar før i 2025. Prosjektleiing og prosjektgruppe er etablert. Det er gjennomført seks interne møter i prosjektgruppa og tre eksterne møter med relevante nettverk. Prosjektet er presentert eksternt for å spreie informasjon om prosjektet. Det er gjort innleiande søk for å kunne anslå omfang/mengde litteratur.

Midlar til styrking av barnehagelærerutdanninga (Kap. 231, post 21)

I 2024 fekk UiS tildelt 3,84 millionar kroner frå KD til styrking av barnehagelærerutdanninga. Midlane har i hovudsak blitt brukt til å stimulere og styrke verksemda ved barnehagelærerutdanninga (BLU) på fire hovudområde:

Studentretta tiltak

- Sosiale og faglege tiltak for å styrke samhald, auke trivsel og engasjement blant studentane, på alle BLU-programma.
- Ekstra oppfølging av studentar knytt til fag og praksis, for å styrke studentgjennomstrøyminga.

Styrking av studiekvalitet, rekruttering og fleksibilisering av studium

- Ekskursjonar og kultururar for BLU-studentane, på bachelornivå og i masterutdanninga.
- Støtte til arbeidet med fleksibilisering av studieprogram og utvikling av nye undervisningsformer, dagsseminar, planleggingsdagar for kunnskapsområda, ekstern bistand frå Mediefarm. Faggruppesamlingar.
- Støtte til bistand for å digitalisere og utvikle nye undervisningsformer, appar, podkast, film.
- Hospitering for vitskapleg tilsette i universitetsbarnehagane.
- Gjesteforelesarar og rettleiarar til barnehagebasert praksislærerutdanning.
- Rekrutteringskampanje - ny biletbaser.
- Støtte til utvikling av mikroemnet *Lek og didaktikk*, for fagarbeidarar i barnehagen i rekrutteringsaugemed.

Mobilitet/internasjonalisering

- Støtte til vitskapleg tilsette til deltaking i internasjonal veke/lærerutveksling til Gent.
- Støtte til utvikling av mikroemne knytt til ECIU.
- Frikjøp av barnehagetilsette for deltaking i EU-prosjekt, i samarbeid med vitskapleg tilsette i barnehagelærerutdanninga.

Styrke forskinga og kvalifisering av vitenskapleg tilsette

- Fag- og forskargrupper har fått midlar til prosjektseminar og skriveseminar med mål å styrke den tverrfaglege forskinga og stimulere til felles publikasjonar.
- Tilsette i kvalifiseringsstillingar har fått utvida forskingstid for å ferdigstille ph.d.-arbeid, og universitetslektorar har fått rettleiing på førstelektorsøknadar.

Midlar til nordisk base for barnehageforskning (Kap. 231, post 21)

I 2024 fekk UiS tildelt 0,6 millionar kroner frå KD til nordisk base for barnehageforskning. UiS ved KSU sendte endeleg rapport til Utdanningsdirektoratet 3. februar 2025. Rapporten gjer greie for resultat og korleis ein har nådd måla i prosjektet. Det bekreftast at midlane er brukt i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet. I arbeidet har ei stor gruppe tilsette både i og utanfor UiS deltatt i kartlegging av skandinavisk empirisk forskning på barnehagefeltet for 0–6-åringar som er publiserte i 2022 og 2023. I tillegg har ein sørga for å gjere innhaldet og resultatene av empirisk forskning på barnehagefeltet tilgjengeleg ved å lage samandrag på norsk av alle inkluderte studiar vurderte til middels og høg kvalitet. Desse samandraga er også omsette til engelsk. Samandraga blir publiserte i databasen «Nordic Base of Early Childhood Education and Care, NB-ECEC» slik at dei ligg tilgjengelege for dei aktuelle målgruppene.

IV. Styring og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styring og kontroll

System for risikovurdering og om risikovurdering er gjennomført

System for risikovurderingar ved UiS bygger på COSO-rammeverket. Vidare bygger arbeidet med risikovurdering på kartlegging av kritiske suksessfaktorar og vesentlege og kritiske hendingar som kan påverke måloppnåinga ved UiS. Verksemda bruker fleire ulike verktøy (skjema) for risikovurdering, tilpassa dei områda av verksemda som skal risikovurderast. På overordna nivå bruker UiS risikovurderingsverktøy og metododokument frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. Risikovurderingar er gjennomført på ulike nivå ved UiS i 2024.

Overordna vurdering av dei største risikoområda som kan virke inn på evna til å nå fastsette mål og resultat

Trongare økonomiske rammer har i vesentleg grad auka behovet for styring og kontroll, spesielt i høve til å sikre at UiS går i økonomisk balanse samt å sikre eit strategisk handlingsrom over tid. Dette er det heilt vesentlege risikoområdet som påverkar evna til å nå fastsette mål og resultat for UiS. Omstilling for å handtere dei økonomiske utfordringane har såleis vært hovudprioritet i 2024, der tiltak har blitt iverksett og følgt opp i alle delar i organisasjonen. Omstilling har vært hovudfokus på m.a. alle styremøte-/styreseminar, leiarmøte, styringsdialogar med fakulteta, plan- og budsjettkonferansen og leiarforum.

UiS har omfattande internasjonalt samarbeid innan forskning, utdanning og mobilitet, noko som kan medføre risiko for ulovleg kunnskapsoverføring til statar Noreg ikkje har tryggleikssamarbeid med. Konkrete saker i sektoren dei siste åra, der tilsette har vore involverte i etterretningsrelaterte hendingar, understrekar denne risikoen. For å handtera denne risikoen samstundes som internasjonalt samarbeid vert oppretthaldt, er det viktig med aktsamheit, bevisstheit og ansvar, som balanserer akademiske verdiar og nasjonale tryggleiksinteresser. Internrevisjonen ved UiS vil våren 2025 gjennomføre ein revisjon med særleg fokus på eksportkontrollregelverket, for å ettersjå korleis einingar følger opp tiltak, reglar og retningslinjer for ansvarleg internasjonalt samarbeid.

Vurdering av opplegget for styring og kontroll i 2024

Hovudvurderinga er at styringa og kontrollen i den svært vanskelege situasjonen har vore svært tilfredsstillande, m.a. har dei økonomiske rammene på institusjonsnivå blitt heldt, årsverk er redusert, talet på søkarar har auka, samt at BOA-verksemda auka noko.

<i>Er opplegg for styring og kontroll godt nok til at:</i>	<i>Vurdering</i>
sette mål og resultatkrav blir nådde	●
ressursbruken er effektiv	●
lover og reglar blir overhaldne	●
resultat- og rekneskapsinformasjonen er relevant og påliteleg	●
vesentleg styringssvikt, feil og manglar blir avdekte og handterte	●
internkontrollen er dokumentert	●

UiS har ingen andre merknadar departementet bør kjenne til, og Riksrevisjonen hadde ingen merknadar til UiS i 2024.

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav

4.1 Fellesføringar frå regjeringa

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

I april 2024 blei UiS sin klima- og miljøplan 2024–2030 godkjent av rektor. Den legg grunnlaget for korleis UiS systematisk og målretta skal arbeide for å redusere sitt klima- og miljøavtrykk. Heilt konkret skildrar den korleis UiS skal redusere sine direkte og indirekte utslepp av klimagassar og miljøpåverkannde aktivitetar. Måla bidrar til å gjere UiS ansvarleg for sitt bidrag til utsleppsreduksjon, og tiltaka som er identifiserte, skal sikre at UiS kontinuerleg arbeidar målretta med dette. Arbeidsgruppa for grøn omstilling gjer jamlege vurderingar av kva tiltak som skal prioriterast, med utgangspunkt i effekt, gjennomføringsevne, kostnadseffektivitet og målbarheit. Arbeidet er knytt til ROS-analysen der det vert vurdert korleis klimaendringane vil påverke verksemda, og korleis dei tilsette kan delta i arbeidet.

Etableringa av energisentralen bidrar til grøn omstilling i praksis gjennom eige produksjon av energi, men også til grøn omstilling av vårt forskings- og utdanningstilbod med nye moglegheiter for forskarar og studentar. I samband med bygginga av energisentralen blei det bora 119 energibrønner på campusområdet. Dette medfører at UiS produserer eigen energi til varme og kjøling, og klimagassutsleppa knytt til dette vert reduserte med 80 prosent. Energisentralen skal også bidra til omstilling i eit globalt perspektiv: sentralen er utstyrt med eit laboratorium for geotermisk energiteknologi, der forskarar og studentar skal skaffe seg meir kunnskap om korleis vi som samfunn kan utnytte geotermisk energi på ein mest mogleg optimal måte. I øvste etasje er det også ein elkraft-lab kor UiS skal ruste studentane for ei utvikling mot fleire grønne løysingar i nær framtid.

4.1.2 Positiv utvikling i antal tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting

UiS oppretta eit utval for likestilling, inkludering og mangfald (LIM) i september 2024, for perioden 2024–2028. Inntil utvalet var på plass, vidareførte UiS arbeidet med 5 prosent-målet for inkludering av personar med nedsett funksjonsevne. LIM-utvalet valde å fokusere særskild på fire område, og har hatt arbeidsmøte med tilsette og leiarar for å hente inn kunnskapsgrunnlag for utforming av tiltak til revidert handlingsplan som skal gjelde for 2026–2030. Inkludering og rekruttering av personar med funksjonsnedsetting var eitt av desse områda. Arbeidet med å etablere utvalet, og utvikle ein revidert handlingsplan, har tatt lengre tid enn forventa, og eit konkret ambisjonsnivå er enno ikkje fastsett. Planen er å drøfte handlingsplan, inkludert måltal og ambisjonsnivå for rekruttering av tilsette med nedsett funksjonsevne, med tillitsvalde innan hausten 2025.

UiS arbeider likevel aktivt for å auke tilsettinga av personar med funksjonsnedsetting. I 2024 blei det tilsett 186 personar, derav to med funksjonsnedsetting og ingen med hol i CV-en. Dette gjer ein auke til 1,08 prosent samanlikna med 0,43 prosent i 2020–2021, men UiS nådde diverre ikkje 5 prosent-

målet. Vidare detaljar vil gå fram av den årlege utgreiinga av det systematiske arbeidet med LIM ved UiS.

4.1.3 Redusere konsulentbruken

UiS har i 2024 halde fram den positive trenden med reduksjon i kjøp av konsulenttenester. Konsulenttenester utgjer 1,3 prosent av totale lønskostnader. Reduksjonen er relatert til den statsfinansierte delen av økonomien.

	2022	2023	2024
Kjøp av konsulenttenester (1000 kr)	34 615	23 664	22 506
% av samla lønskostnader	2,2 %	1,4 %	1,3 %

UiS legg vekt på å gjere vurderingar i forkant av kvar avtale om kjøp av konsulenttenester og det blir kommunisert tydeleg i organisasjonen at dette berre skal vere heilt nødvendige tenester. I hovudsak blir no konsulenttenester brukt når det er nødvendig med spisskompetanse som universitetet ikkje sjølv har.

4.2 Andre krav

4.2.1 Tryggleik og beredskap

UiS har i 2024 fullført kartlegginga av skjermingsverdige informasjonsverdiar, med særleg vekt på eksponerte fakultet og einingar. Dette arbeidet er blitt utført gjennom ein rettleia dialog. Det er så langt ikkje avdekka grunnleggande nasjonale funksjonar (GNF) ved UiS.

I samarbeid med PST er det gjennomført ein ROS-analyse av ulovleg kunnskapsoverføring og tiltak er planlagt. Dette inkluderer justering av kunngjeringsstekst for stillingar, for å ta høgde for krav i statstilsettelova.

UiS gjennomfører overordna ROS-analyse årleg, og gjennomførte denne i mars 2024. Områda som blei identifisert med høgast risiko var:

- Informasjonstryggleik og ulovleg kunnskapsoverføring.
- Brann og eksplosjon.
- Omkomen, skada, trua eller sakna student/tilsett.

Gjennomførte øvingar i 2024:

- 17.06.24: Lokal/taktisk kriseleiing ved Fakultet for utøvande kunstfag (UK). Viktigaste læringspunkt var nytten av å få brukt det nye krisehandteringsverktøyet Rayvn i handtering av ei mogleg krise, å få stadfesta kva som skjer undervegs i hendinga og at ambassaden er ein viktig ressurs ved hendingar i utlandet.
- 06.12.24: Lokal/taktisk kriseleiing ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora (UH). Viktigaste læringspunkt var evna til å vurdere potensialet i hendinga, rollefordelinga i den lokale kriseleiinga jf. lokal kriseplan, og avklaring av kommunikasjonssamarbeidet med avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt (AKS).
- 12.12.24: Operasjonell kriseleiing ved UiS. Viktigaste læringspunkt var å ha tilgang til oppdatert beredskaps- og kriseplan etter skifte av krisehandteringssystem, at alle har god kjennskap til beredskaps- og kriseplanen, og viktigheita av å øve jamleg og bygge gode rolleavklaringar og relasjonar.

I tillegg har det vore nokre reelle saker som har blitt handtert i løpet av året, som sjølv sagt også blir evaluert i etterkant med tanke på læring og utvikling.

Arbeidet med å utarbeide eit styringssystem for tryggleik og beredskap ved UiS starta for ei tid tilbake, då vi fekk Kunnskapsdepartementets styringsdokument for arbeidet med tryggleik og beredskap i Kunnskapsdepartementets sektor, kap. 7. I arbeidet blei det først prioritert å adressere risikoeigarar for alle risikoområda, risikoeigarane sitt ansvar og oppgåver. Ressursknappheit har gjort at arbeidet har tatt tid. Sidan tilsvarande arbeid skjer i heile sektoren har vi også henta inn erfaringar og nyttar no gode eksempel til å utarbeide eige styringssystem for tryggleik ved UiS.

Styringssystem vil ferdigstillast i 2025, og vil då ivareta nasjonal tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap, og integrere leiingssystem for informasjonstryggleik. Vidare arbeid vil bli å innlemme arbeidet som del av UiS sin samla verksemdstyring, og at eigarane av dei ulike tryggleiksområda utarbeider t.d. retningslinjer for personelltryggleik, fysisk sikring, tilgangskontroll og tilgangsstyring. UiS vil i løpet av 2025 rekruttere ein eigen tryggleiks- og beredskapsleiar, som vil få ansvaret for å følge opp og utvikle styringssystemet, saman med leiinga elles.

4.2.2 Informasjonstryggleik og personvern

UiS anerkjenn verdien av å styrke arbeidet med informasjonstryggleik og personvern i lys av det skjerpa trusselbiletet, den teknologiske utviklinga og auka avhengigheit av digitale system.

I 2024 har UiS arbeida systematisk med å redusere risiko på tre hovudområde: tap av funksjonsevne, handtering av informasjonsverdiar og sikring av personvern, med særleg søkelys på å:

1. Betre funksjonsevne gjennom NSM grunnprinsipp for digital infrastruktur, innføring av ulike "Zero-Trust" tiltak, og implementering av backup-løysningar. Det har i tillegg blitt øvd på relevante scenario internt i IT-avdelinga.
2. Beskytte informasjonsverdiar ved å identifisere kritisk informasjon, iverksette tiltak mot uønskt kunnskapsoverføring og styrke tryggleiksrutinane for dei tilsette i utsette situasjonar.
3. Sikre personvern ved å tilpasse tilsette til auka bruk av kunstig intelligens, samt auke merkemda om GDPR og rett handtering av personopplysningar. Dette inneber m.a. påbegynt oppdatering av verksemda sin handsamingsprotokoll.

UiS ser behovet for vidare satsing på kontinuitets- og beredskapsplanar, styrking av kompetanse på informasjonstryggleik og eit tettare samarbeid på tvers av organisasjonen. For å sikre ei heilskapleg og langsiktig tilnærming er det vedtatt å opprette ei styringsgruppe i 2025 som kan støtte strategiske prioriteringar og risikostyring på området. UiS er førebudde på å møte framtidige utfordringar, men erkjenner at auka innsats vil krevje tilstrekkelege ressursar og kontinuerleg forankring i leiinga.

4.2.3 Avsetningar

Universitetet rapporterer eit mindreforbruk på 43,9 millionar kroner for 2024. Som følge av dette aukar universitetet sine ubrukte akkumulerte midlar frå 115,1 millionar kroner pr 31.12.2023 til 159 millionar kroner pr 31.12.2024. Årsaka til rapportert mindreforbruk skuldast i stor grad utanforliggende årsaker som lågare lønnsoppgjer og lågare straumprisar, men også gode grep som del av pågåande intern omstillingsprosess som er sett i verk som følge av lågare statlege finansieringsrammer.

Dei akkumulerte midlane er i stor grad knytt opp mot utsett og forseinka aktivitet i fageiningane og strategiske satsingar, både innanfor drifts- og investeringsaktivitetar, i tillegg til nødvendige institusjonelle oppgraderingar både innanfor bygg, infrastruktur og IKT.

Det er framleis store investeringsbehov dei komande åra, synleggjort gjennom vedtatt institusjonell investeringsplan 2025–2027 for bygg og infrastruktur, inkludert vitskapleg utstyr og digital omstilling. Ein viss storleik på avsettingane er vesentleg for at UiS skal kunne finansiere naudsynte investeringar og strategiske satsingar. Nivået på dei akkumulerte midlane har førebels ikkje påverka måloppnåinga for universitetet si kjerneverksemd negativt.

Avsetningane ligg godt innanfor departementet sine retningslinjer for avsetningar.

Avsetningar til andre formål og investeringar, KD	Løyving for 2024 i 1000 kr	Avsetning pr 31.12.24 i 1000 kr.	Avsetning pr. 31.12.24 i prosent
Avsetningar til andre formål	2 019 027	88 670	4 %
Avsetningar til investeringar	2 019 027	70 336	3 %
Sum avsetningar (frå KD)	2 019 027	159 006	8 %

Oppfølging av Strategi for digital omstilling

Overordna vurdering er at UiS har auka oppfølginga av Strategi for digital omstilling i 2024.

Grunnlaget for vurderinga er m.a.:

1. UiS løyvde for første gong eigne strategiske midlar, 12,5 millionar kroner, til fleksibilisering/digitalisering av emne og studieprogram. Det er løyvdytterlegare 10 millionar kroner til dette formålet i 2025.
2. Det blei nedsett ein eigen tenestedesignprosess, der sju tverrgåande prosessar er kartlagde. Desse vil munne ut i fleire digitaliseringsprosjekt i løpet av 2025.
3. Det blei etablert ei KI-ressursgruppe.
4. Det blei også arbeidd med ny styringsstruktur for å følge opp strategien, der planen er å få denne etablert i 2025. UiS er samstundes skuffa over at UH-sak stranda. UiS arbeider likevel saman med andre institusjonar for å hente verdi frå prosjekt, samstundes med at UiS sin eigen plattform for digitalisering vidareutviklast.

Særskild rapportering om sjukepleiarutdanninga

UiS har auka kapasiteten i bachelorprogrammet i sjukepleie med 75 opptaksplassar i perioden 2015 – 2023, i samsvar med tildelinga av nye studieplassar frå kunnskapsdepartementet. I tillegg er kapasiteten i vidareutdanningane i sjukepleie auka med 52 opptaksplassar etter tildelingar i statsbudsjetta for 2019 (jordmorutdanninga) og for 2020 og tildeling og pålegg om auka opptak i statsbudsjettet for 2022.

Dei årlege opptaka varierer noko med variasjon i søkarmassen, men ligg jamt høgare enn studieplasstildelinga frå KD skulle tilseie. Kandidattala har også lege stabilt høgare enn KD sine kandidatmåltal. I bachelorutdanninga i sjukepleie er talet kandidatar i 2023 på 253, 10 lågare enn 2022. Begge desse åra peiker seg ut seg med svært gode kandidattal i bachelorutdanninga. Kandidattalet i 2024 på 218 er litt svakare enn ønskeleg grunna eit noko svakt opptak i 2021. Resultatet ligg likevel over departementet sitt kandidatmåltal som gjaldt for 2024. I AIO-utdanninga og jordmorutdanninga fullførde 46 og 18 studentar i 2024, godt over kandidatmåltala på 34 og 14.

Universitetet har i det heile halde oppe studiepoengproduksjonen i sjukepleiarutdanningane frå 2022 til 2023. Antal studiepoeng som studentane fullførde desse to åra er stabilt i alle programma. Til dømes blei det fullført 44 838 studiepoeng i bachelorutdanninga i 2023 og 44 765 studiepoeng i 2022. Studiepoengproduksjonen i sjukepleiarutdanningane fall noko i 2024. For desse utdanningane samla blei det fullført 55 625 studiepoeng i 2024 mot 56 933 i 2023. Det blei fullført 43 910 studiepoeng i bachelorutdanninga i 2024 som er ei lita nedgang også for denne utdanninga.

Ser ein på gjennomføringsprosenten i DBH-parameteren «planlagde og gjennomførte studiepoeng», ligg bachelorutdanninga stabilt omkring 90 prosent og dei aller fleste vidareutdanningane mellom 96 og 99 prosent dei sist tre åra. Gjennomføringa blant studentane på programma er såleis god, stabil og i samsvar med planane deira, sjølv om nokre svakare opptak siste åra påverkar studenttal og den totale studiepoengproduksjonen.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Omtale av framtidsutsikter og planar

Med stadig trongare budsjetterammer, vil utsiktene for UiS være prega av utvikling gjennom omstilling også dei neste to åra. Tilpassing av studieporteføljen er viktig for å betre ressursbruken, medan målretta fleksibilisering av studietilbodet, klarare prioriteringar og auka innsats for studentrekruttering har som mål å styrke inntektssida i utdanningsverksemda. I forskingsverksemda held innsatsen fram for å sikre UiS sin posisjon som eit forskningstungt universitet, med effektivisering av drift, betre forskingsstøtte og auka insentiv for ekstern finansiering og publisering.

Oppdatert strategi

Drivkraft 2030 er etablert som UiS sin strategi mot 2030, der dei faglege temasatsingane 'Energi', 'Helse og velferd' og 'Læring for livet' framleis skal støtte om ein overordna strategisk ambisjon om at UiS skal bidra til 'Grøn omstilling'. Dei fagstrategiske satsingane skal bygge på 'eit framifrå arbeids- og læringsmiljø' og visjonen om 'eit ope universitet'. Ei utfordring i åra som kjem blir å sikre handlingsrom til å realisere ambisjonar, planar og mål i tråd med strategien. Dette vil føre med seg harde prioriteringar for styret og universitetsleiinga i åra som kjem.

Arealutvikling

Gjeldande campusutviklingsplan slår fast at framtidig arealutvikling ved UiS (utover spesifikke satsingar) som hovudregel må skje gjennom fortetting og betre utnytting av eksisterande areal. Behovet for å effektivisere og redusere arealbruken har blitt ytterlegare forsterka av omstillinga UiS no står i, og det er naudsynt med konkrete tiltak for å optimalisere arealbruken, fase ut og/eller framleige areal og sikre større fleksibilitet i attverande areal.

Det er sett i gang ei gjennomgåande kartlegging av faktisk arealbruk og utvikling av ein digital arealrapport som blei tatt i bruk i arealforvaltninga ved UiS frå januar 2025. Vidare har ei intern arbeidsgruppe nyleg levert sine tilrådingar til korleis UiS kan gjennomføre ei ekstraordinær omstilling av arealbruken med mål om ein årleg kostnadsreduksjon på 30 millionar kroner fram mot 2030. Det blir også gjort omfattande tiltak knytt til arbeidsplassareal på kort sikt, gjennom utfasing av leigeavtalar i Sodir-bygget (Sokkeldirektoratet, Entra) og Innovasjonspark Stavanger (Ipark) og flytting av aktivitetar, personale og fagmiljø tilbake til hovudcampus på Ullandhaug. Dette rører om lag 250-300 tilsette og vil hovudsakleg bli gjennomført frå sommaren 2025. Prosessen må sjåast i samheng med tilgangen til to nye kapasitetar, høvesvis energisentralen (Statsbygg) og SiS Studenthus (Studentsamskipnaden i Stavanger), der leigeavtalar trådde i kraft frå 01.01.2025.

Universitetet må i nær framtid ta nokre viktige avvegingar og strategiske val knytt til vidare arealutvikling og -fortetting parallelt med planar for å realisere helse- og velferdssatsinga ved UiS. Dette handlar om arealløysingar (leige) i Ipark som legg til rette for samlokalisering av dei helsefaglege miljøa ved UiS, tett på SUS og andre helseaktørar på Ullandhaug. Auka samhandling og samarbeid med praksisfeltet for å styrke bruken av ny teknologi (digitalisering) og simulering i utdanning og forskning er viktige faktorar i denne samanhengen. Det blir også arbeidd med planar for etablering av eit profesjonsstudium i psykologi ved UiS der arealbehovet knytt til utdanninga er eit av spørsmåla som må finne si løysing anten innanfor eller utanfor noverande campusområde.

Budsjett 2025

Årsbudsjettet for 2025 og intern fordeling av statsløyvinga, blei vedtatt av styret 5. desember 2024, sjå tabellen nedanfor. Budsjettet viser ein *realnedgang* på 2,2 prosent frå 2024. Regjeringa sitt kuttforslag har ramma UiS med noko større tyngde enn sektoren elles, og dette gjer dei neste åra framleis krevjande.

Omstillingsarbeidet ved universitetet har stor merksemd, og det er nødvendig med omfattande grep for å tilpasse kjerneaktivitet og administrative funksjonar til endra rammevilkår. Gjennomføring av 2025-budsjettet krev streng budsjettstyring og klare prioriteringar frå alle nivå i organisasjonen for å sikre budsjettbalanse.

Hovudfordeling 2025 (tal i heile 1000 kr):


Fakultet/divisjon	2024	2025	Endring nominell	Realendring
Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora	326 697	331 739	1,5 %	-2,3 %
Fakultet for utøvande kunstfag	59 960	58 586	-2,3 %	-6,1 %
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	181 126	180 457	-0,4 %	-4,2 %
Handelshøgskolen UiS	93 934	96 361	2,6 %	-1,2 %
Det helsevitenskaplege fakultet	163 643	164 982	0,8 %	-3,0 %
Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet	349 373	352 745	1,0 %	-2,8 %
Arkeologisk museum	50 174	51 021	1,7 %	-2,1 %
Sum fageiningar	1 224 908	1 235 891	0,9 %	-2,9 %
Rektorat	9 478	8 839	-6,7 %	-10,5 %
Divisjon for utdanning	68 247	69 997	2,6 %	-1,2 %
Divisjon for forskning	74 345	74 840	0,7 %	-3,1 %
Divisjon for innovasjon og samfunn	36 883	37 231	0,9 %	-2,9 %
Divisjon for organisasjon og infrastruktur	234 585	236 417	0,8 %	-3,0 %
Husleige og energi	308 836	322 440	4,4 %	0,6 %
Studentar og samskipnad	10 047	10 239	1,9 %	-1,9 %
Institusjonelle prioriteringar	55 860	59 764	7,0 %	3,2 %
Sum fellestenester, fellestiltak og infrastruktur	798 279	819 765	2,7 %	-1,1 %
Sum fordeling UiS	2 023 187	2 055 656	1,6 %	-2,2 %

Økonomiske utsikter fram mot 2030

Drivkraft 2030 viser at UiS har store ambisjonar om omstilling og fagleg styrking den komande tiårsperioden. Realisering av desse ambisjonane føreset at UiS klarer å skape eit økonomisk handlingsrom til å gjere naudsynte investeringar og satsingar, blant anna i bygg, infrastruktur og organisatorisk stønad. Desse satsingane skal gjennomførast samstundes med at det blir forventa betydelege reduksjonar i dei statlege løyvingane i åra som kjem.

Dei tre siste statsbudsjetta (2023-2025) har forverra den økonomiske situasjonen for UiS betydeleg. Mellom anna vil utfasing av studieplassane gitt under pandemien, innføring av studieavgift for studentar utanfor EU/EØS og Sveits, utfasing av rekrutteringsstillingane gitt i RNB 2020, samt forsterka generelle kutt grunna «andre satsingar», utgjere for UiS ei samla reell reduksjon i rammeløyvinga på om lag 200 millionar (frå nivået i 2022) fram mot 2030, eller tilsvarende om lag 10 prosent av ramma.

Utvikling i KD-løyving for UiS, 2018-2030




Som følge av dette blei det hausten 2022 sett i gang eit omfattande omstillingsprosjekt ved UiS. Fleire prosjekt er satt i gang for å identifisere dei tiltaka som har størst potensiale til å bidra til at UiS klarer å omstille drifta slik at ein sikrar nødvendig økonomisk (og strategisk) handlingsrom på lenger sikt. Truleg inneber dette mellom anna ei nedbemanning, stipulert til å utgjere om lag 150-200 årsverk dei

Årsrapport 2024 – Universitetet i Stavanger

komande åra. På mellomlang sikt er målet å sikre økonomisk balanse innan 2026, noko figuren nedanfor viser at UiS førebels er i rute til å oppnå.

Utvikling i årsverk på UiS



VI. Årsrekneskap 2024



Resultatregnskap

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2024	31.12.2023
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	2 033 043	1 937 379
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	386 135	393 864
Inntekt fra gebyrer	1		
Salgs- og leieinntekter	1	138 996	130 863
Andre driftsinntekter	1	1 480	1 663
<i>Sum driftsinntekter</i>		2 559 654	2 463 768
Driftskostnader			
Varekostnader		789	938
Lønnskostnader	2	1 760 642	1 740 301
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	84 308	83 628
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	7 849	
Andre driftskostnader	3	650 941	679 394
<i>Sum driftskostnader</i>		2 504 529	2 504 262
Driftsresultat		55 125	-40 494
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	1 321	1 231
Finanskostnader	6	477	1 052
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		844	179
Resultat av periodens aktiviteter		55 968	-40 315
Avregninger og disponeringer			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	-53 547	42 357
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	8	-2 421	-2 042
<i>Sum avregninger og disponeringer</i>		-55 968	40 315
Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Avgifter og gebyrer direkte til statskassen			
Avregning med statskassen innkrevningsvirksomhet			
<i>Sum innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Tilskudd til andre			
Avregning med statskassen tilskuddsforvaltning			
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0

Balanse - eiendeler

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2024	31.12.2023
EIENDELER			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	4	44 509	12 991
Immaterielle eiendeler under utførelse	4	790	7 091
<i>Sum immaterielle eiendeler</i>		45 299	20 082
II Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	176 551	147 915
Maskiner og transportmidler	5	107 559	111 185
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	106 467	122 320
Anlegg under utførelse	5	345	38 737
Infrastruktureiendeler	5		
<i>Sum varige driftsmidler</i>		390 922	420 156
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	11	59 618	59 618
Obligasjoner			
Andre fordringer			
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		59 618	59 618
Sum anleggsmidler		495 839	499 856
B. Omløpsmidler			
I Beholdninger av varer og driftsmateriell			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12	846	831
<i>Sum beholdning av varer og driftsmateriell</i>		846	831
II Fordringer			
Kundefordringer	13	41 106	47 985
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	3 506	2 360
Andre fordringer	14	44 322	39 024
<i>Sum fordringer</i>		88 934	89 369
III Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	796 959	711 339
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	15 366	23 960
Andre bankinnskudd	17	0	
Kontanter og lignende	17	12	6
<i>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</i>		812 337	735 305
Sum omløpsmidler		902 117	825 505
Sum eiendeler drift		1 397 957	1 325 361
IV Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer			
Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
<i>Sum fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Sum eiendeler		1 397 957	1 325 361

Balanse – statens kapital og gjeld

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2024	31.12.2023
STATENS KAPITAL OG GJELD			
C. Statens kapital			
I Virksomhetskapi tal			
Innskutt virksomhetskapi tal	8		
Opp tjent virksomhetskapi tal	8	88 526	86 105
Sum virksomhetskapi tal		88 526	86 105
II Avregninger			
Avregnet bevilgningsfinansiert virksomhet (nettobudsjetterte)	15 I	243 990	190 442
<i>Sum avregninger</i>		243 990	190 442
III Utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	436 221	440 238
Ikke inntektsført bevilgning	15 III		10 000
<i>Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)</i>		436 221	450 238
Sum statens kapital		768 737	726 785
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelse r			
Avsetninger langsiktige forpliktelse r	19	11 833	18 327
<i>Sum avsetning for langsiktige forpliktelse r</i>		11 833	18 327
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld			
<i>Sum annen langsiktig gjeld</i>		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		114 938	83 267
Skyldig skattetrekk og andre trekk		58 727	61 638
Skyldige offentlige avgifter		64 366	67 555
Avsatte feriepenge r		145 744	145 243
Ikke inntektsført tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15 II	136 439	133 025
Mottatt forskuddsbetaling	16	18 563	26 015
Annen kortsiktig gjeld	18	78 609	63 506
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		617 387	580 249
Sum gjeld		629 220	598 576
Sum statens kapital og gjeld drift		1 397 957	1 325 361
IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer			
Ikke utbetalt bevilgning mottatt til tilskuddsforvaltning (nettobudsjetterte)			
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
<i>Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer</i>		0	0
Sum statens kapital og gjeld		1 397 957	1 325 361

Prinsippnote SRS

Generelt

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS). Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres etter prinsippet om motsatt sammenstilling. Dette innebærer at inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres i takt med at aktivitetene som finansieres av disse inntektene utføres, det vil si samme periode som kostnadene påløper (motsatt sammenstilling).

Grunnbevilgning fra departementet som er ment å finansiere ordinære driftsaktiviteter er opptjent pr. 31.12 hvis ikke institusjonen eller departementet har satt konkrete og målbare krav til gjennomføring av aktiviteten. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver og investeringer, som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter, er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt.

Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført, ressursene er brukt.

Pensjoner

SRS 25, ytelser til ansatte, legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

Fra 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlige virksomheter. Fra 1. januar 2022 betaler virksomheten en virksomhetsspesifikk hendelsesbasert arbeidsgiverandel som del av pensjonspremien. At premien er virksomhetsspesifikk, betyr at den beregnes ut fra den enkelte virksomhets forhold, ikke for grupper av virksomheter samlet. At den er hendelsesbasert, betyr at den tar hensyn til de faktiske hendelser i medlemsbestanden i virksomheten, slik at premiereserven er ajour i forhold til medlemmets opptjening. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendret.

Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrukket avskrivninger.

Kontorinventar og datamaskiner (PCer, servere m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved endret anvendelse eller utnyttelse, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

Investeringer i aksjer og andeler

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger inntektsføres som annen finansinntekt.

Aksjer og andeler som er anskaffet med dekning i bevilgning over 90-post og aksjer anskaffet før 1. januar 2003 og som ble overført fra gruppe 1 til gruppe 2 fra 1. januar 2009, har motpost i *Innskutt virksomhetskapi*tal, avsnitt CI Virksomhetskapital i balanseoppstillingen. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i *Opptjent virksomhetskapi*tal. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Beholdning av varer og driftsmateriell

Beholdninger omfatter varer for salg og driftsmateriell som benyttes i eller utgjør en integrert del av virksomhetens offentlige tjenesteyting. Innkjøpte varer er verdsatt til anskaffelseskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Beholdninger av varer er verdsatt til det laveste av anskaffelseskost og netto realisasjonsverdi. Beholdninger av driftsmateriell er verdsatt til anskaffelseskost.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert til kursen ved regnskapsårets slutt. Her er Norges Banks spotkurs per 31.12 lagt til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksomhetskapital, avregninger og utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte). Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapital innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapital ved enhetene.

Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler

Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler viser inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den *direkte* metode tilpasset statlige virksomheter.

Statlige rammebetingelser

Selvassurandørprinsipp

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank.

Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkontoordningen i Norges Bank. Denne renteberegnes ikke. Nettobudsjetterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.

Kontantstrømoppstilling for nettobudsjetterte virksomheter (direkte modell)

Beløp i 1000 kroner	31.12.2024	31.12.2023
Kontantstrømmer fra driftsaktiviteter		
Innbetalinger		
innbetalinger av bevilgning fra fagdepartementet (nettobudsjetterte)	2 019 027	1 970 997
innbetalinger av bevilgninger fra andre departementer (nettobudsjetterte)	0	0
innbetalinger fra salg av varer og tjenester	235 486	239 841
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser	21 717	18 732
innbetalinger av tilskudd og overføringer	265 228	285 652
innbetaling av refusjoner	36 353	50 185
innbetalinger knyttet til konsortie-/samarbeidsavtaler	0	0
andre innbetalinger	131 123	108 211
Sum innbetalinger	2 708 933	2 673 620
Utbetalinger		
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader	1 735 407	1 679 151
utbetalinger for kjøp av varer og tjenester	799 874	969 048
utbetalinger av skatter og offentlige avgifter	0	0
utbetalinger og overføringer til andre statsetater	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter	0	0
andre utbetalinger	8 759	7 552
Sum utbetalinger	2 544 040	2 655 751
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*	164 893	17 868
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter		
innbetalinger ved salg av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (+)	0	0
utbetalinger ved kjøp av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (-)	-88 141	-71 330
innbetalinger ved salg av aksjer og andeler (+)	0	0
utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler (-)	0	0
innbetalinger ved salg av obligasjoner og andre fordringer (+)	0	0
utbetalinger ved kjøp av obligasjoner og andre fordringer (-)	0	0
innbetalinger av utbytte (+)	0	0
innbetalinger av renter (+)	757	1 231
utbetalinger av renter (-)	-477	-1 052
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-87 861	-71 150
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter		
innbetalinger av virksomhetskaper (+)	0	0
tilbakebetalinger av virksomhetskaper (-)	0	0
utbetalinger av utbytte til statskassen (-)	0	0
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	0
Kontantstrømmer knyttet til overføringer		
innbetalinger fra fagdepartementet til tilskudd til andre (+)	0	0
innbetalinger fra andre departement til tilskudd til andre (+)	0	0
innbetalinger fra andre virksomheter til tilskudd til andre (+)	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter (-)	0	0
skatter, avgifter og gebyrer direkte til statskassen (+)	0	0
avregning med statskassen vedrørende innkrevingsvirksomhet (-)	0	0
Netto kontantstrøm knyttet til overføringer	0	0
Effekt av valutakursendringer på kontanter og kontantekvivalenter (+/-)	0	0
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter (+/-)	77 032	-53 282
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens begynnelse	735 305	788 587
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens slutt	812 337	735 305

Kontantstrømoppstilling for nettobudsjetterte virksomheter forts.

* Avstemming	31.12.2024	31.12.2023
avregning av bevilgningsfinansiert aktivitet	53 547	2 042
disponering av periodens resultat (til virksomhetskaptal)	2 421	-42 357
bokført verdi avhendede anleggsmidler	0	0
ordinære avskrivninger	84 308	83 628
nedskrivning av anleggsmidler	7 849	0
avsetning utsatte inntekter (tilgang anleggsmidler)	-88 141	-107 247
endring i statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	-4 016	23 618
endring i ikke inntektsført bevilgning	-10 000	10 238
endring i beholdninger av varer og annet driftsmateriell	-15	127
endring i kundefordringer	6 825	-7 963
endring i leverandørgjeld	31 671	9 655
endring i ikke inntektsført tilskudd og overføringer	-3 080	-2 409
effekt av valutakursendringer	0	0
poster klassifisert som investerings- og finansieringsaktiviteter	87 861	71 150
poster klassifisert som kontantstrømmer knyttet til overføringer	0	
endring i andre tidsavgrensingsposter	-4 337	-22 614
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*	164 893	17 868

Prinsippnote for bevilgningsoppstilling

Årsregnskapet for statlige forvaltningsorganer med særskilte fullmakter til bruttoføring utenfor statsbudsjettet (nettobudsjetterte virksomheter) er utarbeidet og avlagt etter nærmere retningslinjer i bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsregnskapet er i henhold til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 og tilleggskrav fastsatt av Kunnskapsdepartementet.

